

Ny, god fiskesesong i elva?

10.06.2009

Hvis nedbørtilhøva blir betre enn i fjor tyder alt på at det er ein god fiskesesong som startar i Uskedalselva natt til måndag. Oppsynsmann Arne Terje Haugland er optimist framfor sesongen, som varar fram til 15. september.



Grunneigarane fortener ros for rydding langs elva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- I fjor var det altfor tørt og dermed lita vassføring, men då nedbøren endeleg kom var det bra med fisk i elva, også velvaksne laksar, seier veteranen som har gjort utruleg gode fangstar i 'si' elv.

- Kva har du sett som har gjort deg til optimist i år?

- I den nedre del av elva har eg i ein kulp sett 20-25 aurer og dei vog anslagsvis frå 300 til 1.500 gram. Og seinast i går hoppa det mykje småfisk nær utløpet. Det er utruleg positivt at det er så mykje småfisk, som altså har overlevd i sjøen.

Eg har ikkje observert soppangrep på fisken, men han kan sjølvst ha lus som det ikkje er mogeleg å observera på denne måten. Men også lusa blir no avslørt av fire kamera som er montert på Rabben sitt område.

Campingplass-eigaren har forresten sett stor fisk i dette området i det siste, opplyser Arne Terje.

Laks har han ikkje sett no, men har hatt kontakt med andre som har gjort det.

Arne Terje er glad for utviklinga på vegne av Uskedalselva og minner om at det i fjor vart teke like mykje fisk her som i alle dei andre elvane i kommunen tilsaman. Og i motsetnad til det som er tilfelle i fleire naboelvar er det ingen restriksjonar i Uskedalselva i den sesongen som no ligg framfor oss.

Oppsynsmannen strekar under at også dei som skal fiska i Uskedalselva må hugse på at fiskekortet ikkje er gyldig utan at fisketrygdavgifta også er betalt. Betaling av avgift og kort er også viktig av ein annan grunn: Det offentlege har gjennom dei siste åra i likheit med grunneigarane gjort ein kjempejobb for fisket i elva. Til dømes er det tilført 140 tonn kalk årleg via det faste anlegget i Børsdalselva og i tillegg 10-15 tonn med helikopter. Det bør også nemnast at fem biologar jobber i og med elva.

Når det gjeld grunneigar-innsatsen er Arne Terje full av ros for opparbeidinga av parkeringsplassar, sist ved Feet. Men han hadde helst sett at det vart anlagt eitpar plassar til oppe i dalen. Grunneigarane er også flinke til å rydda langs elva - sist vinter til dømes ved Djupehølen og Dønhaugsholmen.

Framfor fiskesesongen ber oppsynsmannen om at fiskarane ikkje parkerer til sjenanse for gardbrukarane. Det har dei no heller ikkje nokon grunn til. Og så bør dei vere flinke til å melde frå om fangstar til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen